

Morosame fakta om flagg



Det eldste flagget i verda er Danmarks flagg, også kjent som Dannebrog. Det er grunn til å tru at dette flagget har vorte brukt sidan år 1219, noko som gjer det til det eldste nasjonalflagget som framleis er i bruk i dag.



Fargen lilla

Lilla er ein av dei minst brukte fargane på flagg. Akkurat no inneheld berre fire nasjonale flagg denne fargen: Dominica, El Salvador, Spania og Nicaragua.



Det yngste flagget i verda

kan vere meir vanskeleg å bestemme på grunn av nasjonar som oppdaterer eller endrar flagga sine. Sør-Sudan vart uavhengig i 2011 og vedtok flagget sitt same år. Vi reknar derfor dette flagget som det yngste flagget framleis.



Storleiken på flagget

Ikkje alle flagg har likt format. Medan mange land bruker rektangulære flagg, kan storleiksforholda – lengda i forhold til høgda – variere. Nokre land har kvadratiske flagg, og det finst også flagg med unike former, som til dømes Nepals flagg som består av to triangulære delar som står på kvarandre. Så forma til flagga og storleiksforhold kan vere like unike som fargane og mønstera dei brukar.



Siste endring på eit flagg

Vatikanstatens flagg vart endra no nyleg i 2023. Då vart den pavelege tiaraen og nøklane på flagget fornya. Det betyr ikkje at desse endringane gjer Vatikanstatens flagg til det yngste flagget i verda. Flagget er frå 1929 og dei nye endringane blir berre rekna som modernisering.